



>>> INFORMASJON FRÅ BYGLAND KOMMUNE <<<

BYGLANDSNYTT

Med hjarta i Bygland



SISTE NYTT FRÅ BYGLAND KOMMUNE

SKIDAG PÅ BROKKE OG PÅ HEIA - UNGAR I BYGLAND ER REINT SKIGALE

LES MEIR - S. 8 <<<

Bygland “dytter” på. Folkehelse konkurransen på dytt.no “Bygland går jorda rundt” var og er ein stor suksess. Byglendingane gikk jorda rundt, men stoppa ikkje... Nå går dei frå pol til pol i dei norske polarheltene sine fotspor.

>>> LES MEIR - S. 7

Bygland Frivilligsentral og oppvekst-sentera i Bygland arrangerte kvar sin skidag 18., respektive 27. februar. Og javisst er ungane i Bygland spreke - og skigale!

BYGLAND GÅR JORDA FRÅ POL TIL POL. PÅ VEG TIL SYDPOLEN I AMUNDSSENS SPOR

Merketider mars 2025:

- Friluftslivets år: KRIK mini; 03.03. kl. 16.30 -18.30 - Bål og aktivitet ved Vassend/Byglandsfjord
- Prostidiakoni i ØvreOtredal: Tema Kva gjev livsglede, 21.03. kl. 17, Kyrkjestova i Valle, s. 12



ORDFØRAREN SI SIDE

HELING FRÅ ORDFØRAREN

ORDFØRAREN I BYGLAND,
RUNAR GRANHEIM

Kjære alle saman!

Mars er den fyrste vårmånaden og dagane blir lysare. «Eit under så stort kvart einaste år», som Ingvald Langemyr skreiv i diktet om våren.

Friluftslivets år rullar vidare, med aktivitetar for alle. Sjekk ut kalenderen på heimesida til Bygland Frivilligsentral. Det var moro å sjå at «Bygland går verda rundt» blir lagt merke til, mellom anna i NRK. Dytt.no er eit framifrå tiltak for folkehelsa. Eg er nok ikkje den einaste som treng ein liten «dytt» av og til for å kome ut på tur. Det gjer alltid godt etterpå.

Tusen takk til dykk som står bak og «dyttar» bygglendingen ut på tur!

UKM, altså Ung Kultur Møtast blir arrangert på Evjemoen Kino&Scene 15.mars. Eg oppmodar alle som er interessert å ta turen og heie på dei unge. UKM bidreg til at ung kultur får ein større plass i samfunnet, og er ein arena for alle. Så er vi takksame for det gode samarbeidet med Evje og Hornnes kommune på dette feltet!

Elles er mars ein spanande månad i det politiske. Både kommunens Samfunnsplan og Arealplan skal handsamast av alle utval og i kommunestyret. Andre saker som skal opp no i mars er mellom anna spørsmålet om kommunens forkjopsrett for Landeskogen, støtte til vedlikehald av Ose Turistheim, eigarskapet til skulehusa i Åraksbø og Grendi. Vi skal også drøfte behov og konkretisering av innstramming i driftsbudsjettet vårt for økonomi planperioden. Vi ser at inntektene i økonomiplanen går kraftig ned i høve til nivået dei siste åra. Hovudgrunnen til det er sjølvsagt at kraftprisene har stabilisert seg på eit lågare nivå.

Eg er stolt av å bu i Bygland. Eldsjelarbeidet og dugnadsånden blir lagt merke til, og det skjer mykje positivt. Gjennom Bygg Bygland er det løyvd støtte til fleire tiltak som eg trur vil gje vekst i næringslivet og arbeidsplassar. Det er moro! Sjekk ut heimesida bygg-bygland.no.

Ta vare på kvarandre, og nyt den fyrste vårmånaden!

Mvh

Runar Granheim, ordførar i Bygland





OPNINGSTIDER BYGLAND KOMMUNE

BYGLAND KOMMUNEHUS



- Sentralbord/Publikumsmottaket: tlf. 37 93 47 00 mån-fre kl. 10.00-14.00
- NAV: tlf. 55 55 33 33 - mån-fre kl. 08.00-15.00
- NAV Bygland: drop-in på torsdagane kl. 12.00-14.00

EVJE OG BYGLAND LEGESENTER



- Sentrale: tlf. 37 40 79 00 - **Legevakt tlf. 116 117**
telefontider mandag – fredag kl. 08.30 – 11.30 og kl. 13.00 – 15.00
- BYGLAND LEGEKONTOR, SENTRUM 18, 4745 BYGLAND
tysdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.00
 - EVJE LEGEKONTOR, LJOSHEIMVEGEN 5, 4735 EVJE
mandag - fredag kl. 08.00 - 15.00

EVJE TANNLEGEKLINIKK



- Tilbod om tannbehandling får du på Evje tannklinikk.
Evje tannklinikk: tlf. 37 93 01 95
Nils Heglands veg 40, 4735 Evje (2. etasje til venstre)

FOLKEBIBLIOTEK I BYGLAND



- Hovedbibliotekar: Mari Rygg, tlf. 945 22 025
Biblioteksvakt på Bygland (onsdagar): Ann Cecilie Attestog

BIBLIOTEK PÅ BYGLAND, SENTRUM 16, 4745 BYGLAND

- mandagar kl. 10.00 - 12.30
- onsdagar kl. 10.00 - 13.00
- torsdagar kl. 15.00 - 18.00



BIBLIOTEK PÅ BYGLANDSFJORD, STASJONSOMRÅDE, 4741 BYGLANDS- FJORD

- mandagar kl. 17.00 - 19.00
- tysdagar kl. 9.00 -12.00





NYE KOLLEGAER I BYGLAND KOMMUNE



Stabseininga Samfunn får ny rådgjevar for jordbruk 1. mars

Ny rådgjevar er **Knut Gunnar Solli Brøkke** – som har tilsvarende stilling i Valle kommune.

Kontakt: knut.gunnar.solli@valle.kommune.no, tlf: 90802395

Knut Gunnar får ansvar for fylgjande område:

- **Produksjonstilskot**
- **RMP og OBB**
- **SMIL**
- **Tiltak i beiteområde**

- **Avlingssvikt**
- **Kommunalt landbrukstilskot**
- **Konsesjonssaker og buplikt**
- **Jordlovsaker**



LEDIGE STILLINGAR I BYGLAND KOMMUNE



Bygland Kommune

Prosjekt/kommuneingeniør

Prosjektingeniør - Stabseining samfunnsutvikling, Bygland Kommune

Fast

Webcruiter-ID: 4929024849

Bygland

Publisert: 26.02.2025

Søknadsfrist: 06.04.2025



Bygland Kommune

Helsesykepleier

Helse og omsorg, Bygland Kommune

Vikariat

Webcruiter-ID: 4922988700

Bygland

Publisert: 24.02.2025

Søknadsfrist: 23.03.2025



Bygland Kommune

Ferie-/sommarvikarar helse og omsorg 2025

Sykepleiere, Helsefagarbeidere - Helse og omsorg, Bygland Kommune

Sommerjobb

Webcruiter-ID: 4916528611

Bygland

Publisert: 04.02.2025

Søknadsfrist: Snarest

Setesdal brannvesen IKS har ledige stillingar som brannkonstablar

Det er ledig 2% deltidsstillingar som Brannkonstabel ved Hovden-, Valle-, Rysstad-, Bygland- og Byglandsfjord brannstasjon. Søknadsfristen er 14. mars

Stillingsutlysingar finn du på Bygland kommune si heimeside, **bygland.kommune.no**

Vi brukar digitale rekrutteringstenester, mest Webcruiter. Du kan kun søke stilling digitalt.



POLITISKE MØTE - MARS 2025



- **Rådet for eldre og funksjonshemma:** 03.03. kl. 12.00
- **Bygland Ungdomsråd:** 03.03. kl. 15.00
- **Plan-, miljø- og ressursutvalet:** 04.03. kl. 09.00
- **Levekårsutvalet:** 05.03. kl. 09.00
- **Formannskapsmøte:** 06.03. kl. 09.00
- **Administrasjonsutvalet:** 06.03. kl. 09.00
- **Kommunestyremøte:** 13.03. kl. 09.00



Livestreaming av og lydfiler frå kommunestyremøte

Vi ønskjer å vere ein open og transparent kommune. Som eit ledd i dette, blir kommunestyremøta streama direkte. Du kan og finne opptak frå tidlegare møte under **Politikk og innsyn** på heimesida vår.

RÅDET FOR ELDRE OG FUNKSJONSHEMMA



Utlevering av strøsand / henting av strøsand

Treng du strøsand?

Bygland Frivilligsentral i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma tilbyr strøsand ferdig fordelt i bøtter.

Dersom du har behov for dette og har tenester i frå Open omsorg, kan du be dei ta med ei bøtte til deg.

Dersom du ikkje har tenester i frå Open omsorg, men ønskjer strøsand kan du hente på Frivilligsentralen på Bygland eller på Pakkbua på Byglandsfjord.

Lurer du på noko, ta gjerne kontakt på tlf: **94510770**.



ANNAN OFFENTLEG INFORMASJON



MOBIL PASSSTASJON

Passbilen kjem til Bygland, Evje og Hornnes politistasjon den 07./08.05. og til Valle og Bykle politistasjon den 05./06.05.

Bestill time på nett, på **www.politiet.no**, velg "Søke pass og ID-kort".

Om det er brukarar som ønskjer hjelp med dette kan dei komme innom ein av politistasjonane, eller ringe oss.



- **Valle og Bykle Politistasjon**, Kjellebergsveien 12, 4747 Valle, tlf. 38 13 68 50:
05. mai, kl. 12.30 – 15.00 og 06. mai, kl. 08.15 – 15.00
- **Bygland, Evje og Hornnes politistasjon**, Verksvegen 4, 4735 Evje, tlf. 38 13 68 30:
07. mai, kl. 08.00 – 16.00 og 08. mai, kl. 08.00 – 16.00



NYTT FRÅ EININGANE

>>> ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Eigedomsskatt 2025

Med bakgrunn i kommunestyret sitt vedtak blir det i 2025 skrive ut

Eigedomsskatt på kraftverk og kraftnett, jf. eigedomsskattelova § 3 c. Med heimel i eigedomsskattelova §15, blir eigedomsskattelista lagt ut til **offentleg ettersyn i tre veker frå den 27.02.2025.**

Skattelista blir og lagt ut på kommunehuset.

Bygland eigedomsskattekontor



>>> PLEIE OG OMSORG / HELSE

Byglandsheimen - program mars 2025

Dag	Dato	Klokke	Aktivitet
Onsdag	5/3	11.00	Åpen dag
Torsdag	6/3	14.00	Besøksvenn
Tirsdag	11/3	14.00	Andakt med Kjell Steinbru
Onsdag	12/3	11.00	Åpen dag
Onsdag	19/3		Ikke Åpen dag pga kurs
Tirsdag	25/3	14.00	Andakt med Knut Gakkestad
Onsdag	26/3	11.00	Åpen dag
Mandag	31/3	11.00	Konsert på Pakkbua med Frøyshol og Solem
Mandag	31/3	14.00	Konsert på Byglandsheimen med Frøyshol og Solem



NOK Agder: Ingen skal bli utsatt for seksuelle overgrep - Tilbod til innbyggjarar i Setesdal

NOK Agder har eit lågterskel hjelpetilbod og er fagressurs om seksuelle overgrep. Lenke til NOK Agder sine sider om temaet: **Ingen skal bli utsett for seksuelle overgrep.** Telefon: 380 71 111 - ring og avtal tid, måndag - fredag kl. 09:00 - 15:00

Hovedkontoret ligg i Markens gate 37, 4612 Kristiansand; måndag til fredag kl. 09 - 15

Regionale Kontor:

Arendal: Kontoret er ope tysdag, onsdag og torsdag

Lyngdal: Kontoret er ope kvar onsdag

Evje: Kontoret er ope kvar torsdag. Taubanegata 2, 4735 Evje. NB! Ring og avtal tid.



OPPVEKST

Elevbedrifta ved Bygland skule «Ting og tang til hage»

Elevbedrifta ved skulen «Ting og tang til hage», har laga flotte benkar til Frivilligsentralen. Dei produserer stadig fleire, så her kan du sikre deg ein fin sitteplass i solkroken din. Benken på biletet er snart klar til levering. Ta kontakt med skulen v Gunstein Attestog om du ønsker meir informasjon.



Skidag

Torsdag 27. februar gjennomførte heile skulen skidag i strålende solskin.

1.-7. klasse var på Tolhommen og hadde aktivitetar som skihopp, utfor, lang og kort skitur, og mykje anna moro. Og sjølvsagt er bålhygge viktig på ein slik dag. Tusen takk til løypekøyrarane!



8.-10. kl. reiste, tradisjonen tru, til Brokke alpinsenter der nokre hadde ein fartsfylt dag i skibakken, medan andre koste seg på langrennsski i fine løyper. Alle saman samla seg til felles lunsj ved bålpanna midt på dagen, før det var tilbake på ski igjen.

Alle bilete: Bygland skule





>>> KULTUR OG LEVEKÅR



DYTT-konkurransen - Klarer innbyggjarane i Bygland å gå jorda på langs - frå pol til pol -på under 80 dagar?



Første februar starta vi ein folkehelsekampanje for alle innbyggjarane og folk som arbeider i kommunen. Midt på vinteren kan det vere tungt å kome seg over dørstokkmila, og vi kan alle trenge ein dytt for å kome i gong. Det er også mykje hyggelegare å gjere ting i fellesskap. Utfordringa i dytt kampanjen var å klare å gå rundt jorda på 100 dagar- noko som tilsvarar 40 millionar skritt!

I starten var vi litt spent på om vi kom til å klare det, men vi såg fort at dette kom Bygland til å klare med god margin. Vi har nå gått over 40 millionar skritt, og har gått på tvers av jorda på under 30 dagar. Det er imponerende! Vi har gått frå Bygland til Berlin-Kairo-Istanbul-Bangkok-Sydney-Cape Town- Rio de Janeiro-New York-York, og tilbake til Bygland.

Vi har ikkje lyst til å gi oss enno, så vi prøver no å gå jorda både på tvers OG på langs - frå pol til pol på under 80 dagar. Me kan òg sei at Bygland går i Roald Amundsen sine fotspor! Etter dette kan vi kanskje omtale oss som den sprekaste kommunen i Agder?

Vi er ein stor gjeng som går no, rundt 175 personar og 10 lag, men det er plass til fleir.

Om du har lyst til å bli med kan du laste ned appen frå Dytt.no på mobilen og opprette brukarkonto. **Startkode: Bygland2025.** Du kan og bruke PC og legge inn skritt og aktivitetar manuelt; www.dytt.no/bygland.



Presentasjon av nye bøker- våren 2025



Bygland: onsdag 12.03. kl 19.00

Byglandsfjord: onsdag 19.03. kl. 19.00

Vi er så heldige å ha fått Solveig Eiken frå bokhandelen på Evje til å kome på besøk til biblioteka for å fortelje om nye bøker.

Den 12.3 kjem ho til Bygland, og 19.3 kjem ho til Byglandsfjord. Begge kveldar startar kl 19. Etter presentasjonen blir det mogleg å kjøpe bøker. Gratis vaflar og kaffi.



No kan du melde deg på UKM

Den største ungdomsfestivalen i Noreg skjer på **Evjemoen Kino**

Scene laurdag 15. mars 2025.

No er det opna for påmelding.

Påmeldingen har startet.

Evjemoen Kino&Scene
15. mars 2025

Norges største ungdomsfestival starter på Evjemoen Kino&Scene.

Du kan bli sendt videre for å vise frem din kunst til hele fylket og kanskje hele landet.

Vis oss hva du kan!

Meld deg på: UKM.no/evjeoghornnes

UKM



REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 67

Bygland som kulturminnesenter

Bygland kommune og Kulturhistorisk museum har fått tildelt midlar frå omstillings-prosjektet ByggBygland til å jobbe med ein forstudie som skal sjå på Bygland som kulturminnesenter.

Ein skal gjennom prosjektet sjå på mogelegheitene for å etablere eit senter for kulturminner i Bygland kommune, med spesiell fokus på vikingtid. Dette fordi Bygland har fleire spesielle funn og monument frå både vikingtid og andre periodar. Det er eit uutnytta potensiale i dei rike kulturminna frå Byglands forhistorie. Særlig vil vi framheve dei spektakulære funna frå Langeid og Moi i seinare tid.

Det er eit mål for forstudien å peike ut mogeleg satsningsområde framover og avklare rollefordeling og samarbeidsformer mellom partane i samarbeidsavtalen som vart inngått i 2023. Partene var Bygland kommune, Kulturhistorisk museum og Agder fylkeskommune.

Ein viktig samfunnseffekt vil vere å utvikle Bygland som destinasjon og støtte opp under frivilligheit og kulturliv. Ved å bygge vidare på det positive arbeidet og engasjementet som allereie er i gong i skulane, bidreg ein til eit felles identitetsprosjekt som kan løfte Bygland kommune som lokalsamfunn.

Ingvild Solberg Andreassen, arkeolog ved Kulturhistorisk museum, er tilsett i to månader i Bygland kommune for å arbeide med forstudien. Ho arbeider saman med Ann Cecilie Andersen, kultur-og levekårskoordinator i Bygland kommune. Saman skal dei skrive ein rapport der dei synleggjer kva for kulturminner vi har i kommunen, og kva for mogelegheiter ein har for å utvikle desse.



Langeidsverdet



SETESDALSMUSEET

Foredrag Kunstsamlinga etter Olav Brjøgum

I 2023 fekk Setesdalsmuseet store delar av kunstsamlinga etter biletkunstnar Olav Bjørgum i gåve frå familien. I foredraget denne kvelden vil samlingsforvaltar på museet, Åse Ingeborg H. Vistad, som har arbeidd med samlinga og kjenner den godt, fortelje om kva det inneber for eit museum som vårt å få ei så omfattande kunstgåve. Ho vil og fortelje om prosessen med å plukke ut verka som nå er utstilt på museet.

- Dato: 20. mars 2025, kl 18.00
- Sted: Setesdalsmuseet, Rysstad





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL OG BUA BYGLAND



Bygland frivilligsentral og BUA Bygland

Besøksadresse: Prestneset 2, 4745 Bygland

Postadresse: Sentrum 18, 4745 Bygland

e-post: post@bygland.frivilligsentral.no; bygland.frivilligsentral.no

Leiar: Anne Fauske, tlf. 94 51 07 70

Foreningsportalen: bygland.foreningsportal.no



Opne aktivitetar

- BUA Bygland (utstyrssentralen), bua.io, tlf. 94 50 28 58
- Utkøyring av middag to gonger i veka

Aktivitetar på Frivilligsentralen på Bygland

- Måndagskafé: måndagar i oddetallsveker kl. 12 -14 (10.+24.03.)
- Bygdemiddag: tysdagar i oddetallsveker, kl. 16 – 17.30 (bestill MÅN innan kl. 12)
 - **11.03: Gulrotsuppe + foccaccia, Bjørg M., tlf. 95226757**
 - **25.03.: Kyllingsuppe, Bjørg, tlf. 41513419**
- Bingo: tysdagar i partallsveker, kl. 18.00 – 20.00 (04. + 18.03.)
- Strikkekafé: 1.+3. torsdag/månad kl. 18.00 – 20.00 (06.+ 20.03.)
- Kreativ verkstad: for 5.-7. kl. onsdagar kl. 15.00 - 17.00

Aktivitetar i Byglandshallen

- Styrketrening: kvar torsdag kl. 13.00 – 14.30
- Teppebowls: tysdagar i **oddetallsveker (ny!)** kl. 16.30 – 18.30; (13. + 27.03.)

Aktivitetar andre plasser

- Seniorsenter: annakvar måndag, kl. 11.00 – 14.00 – Pakkbua på stasjonsområdet, Byglandsfjord (03. + 17.03.)
- Bygland Mekkeklubb: måndagar kl. 17.30, Nesmoen 3, Bygland

BYGLAND UNGDOMSKLUBB

Klubbleiar: Kim Andre Nomeland Thorstensen, tlf. 984 69 989

Bygland ungdomsklubb, Sentrum 24, 4745 Bygland

- mån: 18.00 - 19.30, 5. - 7. kl. (Klubblokale på Bygland)
- mån: 18.00 - 21.00, 6. - VGS (Klubblokale på Bygland)
- tors: 18.00 - 21.00, 8. kl.-VGS (Klubblokale på Bygland)

1x/månaden: **Fredagsklubb i Årdalshallen**

kl. 18.00 - 21.00, 5. - 7. klasse (neste: 14.03.)

Følg med på Bygland ungdomsklubb si Facebook-gruppa for arrangement.

Med etterhald om endringar, v/ Husstyret og klubbleiar





BYGLAND FRIVILLIGSENTRAL, BYGLAND KOMMUNE OG PARTNER

>>> FRILUFTSLIVETS ÅR 2025



Bål og uteaktivitet på Byglandsfjord. Arrangør: KRIK mini; mandag 3.3. kl. 16.30 -18.30

Me er klar for 4. aktiviteten i Friluftslivets år 2025: KRIK MINI sin bål og uteleik-dag den 03.03 på Byglandsfjord. Oppmøte kl. 16.30 ved Vassend.

Opplegg: Me fyrer bål i Vassend ved jordet til Gunnar og Hege Gakkestad (Vassend 12)

Det blir aking (dersom det er snø nok). KRIK MINI ordnar mat/middag på bål.

Vi lagar ei enkel sporløype og lagar ellers til leiker ved behov.



PLAN FOR FRILUFTSLIVETS ÅR BYGLAND 2025





BYGLAND OG ÅRDAL SOKN

Bygland Kyrkjelege Fellesråd

Sentrum 18, 4745 Bygland

bygland.kyrkje.no og på Facebook

Kontakt

- Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472
- Kyrkjevevje: Olav Nilsen: 982 99 711
- Prostidiakon: Åse Gudrun Thortveit: 91685159



GUDSTENESTER

- **sundag 23.03. kl. 16.00: Gudsteneste i Sandnes kyrkje, Åraksbø**
- Gospelgudsteneste ved Kjell Steinbru, Evje og Hornnes Menighetskor og Eirik Hodnemyr
- Årsfest i Åraksbø Grendehus etterpå med kveldsmat
- Organist: Eirik Hodnemyr



ANDAKT PÅ BYGLANDSHEIMEN

- **tysdag, 11. og 25.03. kl. 14:00**

KONFIRMANTUNDERVISING

- **måndag 10.03. kl. 14.30**, Vonheim bedehus, Bygland

SOKNERÅDSMØTE

- **tysdag 25.03. kl. 19.00**, Kyrkjekontoret, Bygland

PROSTIDIAKONI I ØVRE OTREDAL

INSPIRASJONSSAMLING I KYRKJESTOVA I VALLE!

TEMA "KVA GJEV LIVSGLEDE"?

Fredag 21.mars kl.17.00 i

Kyrkjestova i Valle.

Musikk ved Maija Lindaas, Reidar Skaaland og Espen Egeland Gryterett og andre godsaker. Magne Kjetså og Olav Nilsen samtaler over temaet "Kva gjev livsglede"

Svein Kleivane deklamerer dikt
Prostidiakon Åse Gudrun Thortveit leier kvelden.

Velkomen til ein kveld der du gjeng heimatt endå gladare enn då du kom!

Arrangør: Styret i prostidiakonisamarbeidet i Øvre Otredal

INSPIRASJONSSAMLING I KYRKJESTOVA I VALLE
TEMA "KVA GJEV LIVSGLEDE?"

Fredag 21. mars kl. 17.00



Maija Lindaas



Svein Kleivane



Magne Kjetså



Reidar Skaaland og
Espen Egeland



>>> TØMEKALENDER FOR BYGLAND KOMMUNE

SØPPELTOMING - MARS 2025

- **Matavfall og restavfall:** veke 10: torsdag 06.03.
- **Papir og plast:** veke 12: tysdag 18.03.
- **Matavfall og glass/metall:** veke 12: torsdag 20.03.



GJENVINNINGSTASJONER

- **Nesmoen, Bygland:** kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (12.03.) og 4. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (22.03.)
- **Syrtveit, Evje:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00- 14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i måneden kl. 10.00-13.00 (08.03.)

Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS. e-post: post@smg-iks.no; heimeside: www.smg-iks.no; tlf.: 901 94 724

REDAKSJONSNOTAT BYGLANDSNYTT NR. 67

REDAKSJON

- Ansvarleg redaktør: Aslak Jørundland Brekke
- Redaktør: Susanne Hegenscheidt

BILETE

- Framside: Longerak/Oleh Moskalov
- Redaksjonsnotat: Datatreff Bygland Ungdomsklubb/S. H.
- Innhald (m.m. anna er spesifisert): A. Fauske, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Bygland skule, Olav Grendstad, Nina Bygland
- Kva skjer: Bygland by night / Bygland kommune

Byglandsnytt april 2025: 01.04.2025, skrivefrist 28.03.

Send tips til post@bygland.kommune.no - merknad: Byglandsnytt

Arkiv: bygland.kommune.no/byglandsnytt



SETESDAL REGIONRÅD



Smart bruk av ChatGPT - gratis kurs for nyetablerte verksemder

Er du nyetablert og klar for å ta marknadsføringa di til neste nivå med kunstig intelligens?

- Dato: 5. mars 2025, kl 10.00 - 13.30 - Sted: Revsnes hotell

Er du klar til å ta grep om berekrafta i di bedrift?

Bli med på Om:sør – eit kompetanseprogram for berekraft, spesielt for bedrifter i Agder! Fyrste workshop er 21. mai. Påmeldingsfrist 14. mai.

For meir informasjon og påmelding sjå: Setesdal regionråd si nettside: setesdal.no/



YMSE

>>> MUSIKK

KONG HANES EFTF.

Blanda kor på Bygland. Øving onsdagar kl. 19.30 - 21.30; musikkrom på Bygland skule

BYGLANDSFJORD BARNEKOR

Øving måndagar i oddetalsvekane kl. 17.00 - 18.00; Fredheim bedehus, Byglandsfjord

BYGLAND LEIKARRING

Øving måndagar kl. 16.30 - 17.15; Bygland kulturscene

Leikarring med **Maija Lindaas frå UNESCO Setesdal.**

**BYGLAND HORNMUSIKK**

Noregs lengste korps! Øving tysdagar kl. 18.00 - 20.30; Bygland kulturscene

BYGLAND DRAMATISKE SELSKAB

Idémyldring till årets revy fredag 14.03. kl. 19.00; Bygland kulturscene

KINO PÅ BYGLAND - MARS

>>> BYGDEKINOEN PÅ BYGLAND KULTURSCENE

Kiosk: Framsteg 4H

ONSDAG 26. MARS**KL. 17.30: SNEHVIT**

Tillatt for alle. 110 kr. Musikal, Eventyr, Drama

KL. 19.30: A COMPLETE UNKNOWN

Tillatt for alle. 130 kr. Drama, Biografi

>>> BYGLAND FILMKLUBB



Bygdekinoen

17:30 Snehvit • 110 Kr Musikal, Eventyr, Drama om	19:30 A Complete Unknown 9 år • 130 Kr Drama, Biografi 2t 22m
---	--

Onsdag 26.03
Bygland Kulturscene

Bygdekinoen.no – Et tilbud fra Film & Kino
 Kjøp billett på nett!

BYGLAND FILMKLUBB

SUNDAG 16.03. KL. 19.00, BYGLAND KULTURSCENE

BRYLLUPSFESTEN (1989)

Aldersgrense: 15 år

Wam og Vennerød sin absurde forviklingskomedie



YMSE

>>> ÅRSMØTE

NATURVERNFORBUNDET I SETESDAL - ÅRSMØTE 2025

Tid: **Måndag 10. mars 2025, kl. 18:00**

Stad: Kommunehuset i Valle, Kjellebergsveien 1, 4747 Valle

Enkel servering



Årsmøte & Kulturkveld i Setesdal Sogelag

📅 **Torsdag 13. mars** | 📍 Oveinang grendehus, Flateland

♦ **Årsmøte** kl. 18–19. Årsmøtepapir leggst ut på Facebookgruppa. Send ev. e-post til setesdalsogelag@gmail om du vil ha dei på e-post. Saker til årsmøtet kan også sendast hit innan 28.02.

- ♦ **Lansering av årsskriftet** – utdeling til medlemmer
- ♦ **Foredrag:** Eystein Greibrokk om blåbærekspert i mellomkrigstida
- ♦ **Matservering & sosialt samvær**



>>> STOGA OG BYGLAND TURISTKONTOR

STOGA kulturkafé og BYGLAND TURISTKONTOR

Presteneset 10, 4745 Bygland, tlf. 907 81 105;

på FB: facebook.com/StogaAS

- kvar fredag og sundag kl. 13:00 - 20:00

På turistkontoret får du

- kart over Bygland og turar, info om bomvegar
- fiske og fiskekort i Bygland (sjå også s. xx)
- kaffi, vaflar, toast, is, avisar og Setesdal-bøker



>>> BJOREN BRYGGE



**Kafé, ølhage, live musikk
rett ved Byglandsfjorden!**

Adresse: Presteneset 12,
4745 Bygland

Kontakt: Nina Bygland,
tlf. 932 62 168;
på FB: [bjorenbrygge](https://facebook.com/bjorenbrygge)





KVA SKJER I BYGLAND MARS 2025

(MED ATTERHALD OM ENDRINGAR)



Bygland by night - Foto: Bygland kommune

DATO	ARRANGØR OG STAD	TID	KVA SKJER
måndag 03.03.	KRIK mini, Vassend, Byglandsfjord	kl. 16-30 - 18.30	Bål og uteaktivitet (Friluftslivets år 2025)
torsdag 06.03.	Revsnes hotell	kl. 19.00	Foredrag med Zahid Ali "Ikke vær deg selv"
tysdag 11.03.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
tysdag 11.03.	Bygland frivilligsentral (Påmelding: Bjørg M.: 95226757 innan 10.03. kl. 12)	kl. 16 - 17.30	Bygdemiddag: Gulrotsuppe med Foccacia
torsdag 13. + 27.03.	Fredheim bedehus, Byglandsfjord	kl. 19 - 21	Torsdagsklubben
sundag 16.03.	Bygland filmklubb, Bygland kulturscene	kl. 19	Film: Bryllupsfesten (15 år)
sundag 23.03.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16	Gudsteneste og årsmøte
tysdag 25.03.	Byglandsheimen	kl. 14	Andakt
tysdag 25.03	Bygland frivilligsentral (Påmelding: Bjørg: 41513419 innan 24.03. kl. 12)	kl. 16 - 17.30	Bygdemiddag: Kyllingsuppe
onsdag 26.03.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 17.30	Film 1: Snevit (9 år)
onsdag 26.03.	Bygdekinoen, Bygland kulturscene	kl. 19.30	Film 2: A complete unknown (Bob Dylan; 9 år)

FAMILIEBADING OG BADSTOGA - TYSDAGAR OG FREDAGAR KL. 17-20,
SYMJEHALLEN PÅ BYGLAND SKULE - GRATIS!

